

Trivselsreglar for Hognestad skule og SFO



Generelt:

1. I skuletida held me oss på skulen sitt område.
2. Me inviterer alle inn i leiken, og dersom det skjer noko dumt, tek me kontakt med vakta.
3. Alle som deltek i ein leik, må følgje reglane.
4. Ingen på skulen skal oppleve mobbing. Om du ser noko eller opplever noko, må du seie frå til ein vaksen.
5. Me bruker fine ord til og om kvarandre.
6. Me plukkar søppel og sorterer det dersom me finn noko.
7. Vakta har gul vest.

Bruk av utstyr i friminutta:

6. Utlån skjer frå TL-hytta i matfriminuttet.
7. Me tek vare på utstyret på skulen, og ryddar inn i skuret ca kl.11.45 kvar dag.
8. Sykkel, sparkesykkel eller liknande, skal ikkje nyttast på skulen sitt område i skuletida, og i SFO-tida berre etter avtale med SFO sitt personale.
9. I skuletida, mellom 8.00 og 16.00 er det berre skulene sine leiker som skal vera i skulegarden.
10. På UFO-dissa er me maks 4 om gongen.
11. Me bruker taubanen ein og ein.
12. Me sit ikkje på gelenderet ute eller inne.

Ballspel:

13. Fotballsparking skal føregå i ballbingen, eller på vegg på den sida av hallen der det ikkje er vindaug. Når ein har ball-leikar i skulegarden skal ein bruka plastball.
14. Fotball har fyrste prioritet i ballbingen. TL kan arrangere aktivitetar her etter avtale.
15. Dersom ein ball hamnar på taket, skal ein gje beskjed til vakta.

Vinteraktivitetar:

16. Snøballkasting er berre lov i ballbingen, etter avtale.
17. I akebakken (på haugen) venter me på tur. Me akar berre når det er nok snø. Vakta kan stoppa eller seia nei til aking på haugen når det er «isete» eller «sorpete».

Bruk av mobil og smarte klokker:

18. Mobil og mobilklokker: Mobilen kan vera med på skulen, men han skal liggja avslått i sekken til skule/SFO-dagen er over.
19. Mobilklokker/smarte klokker: skulen anbefaler at desse ligg avslått i sekken gjennom skule/SFO-dagen.

Sanksjonar:

20. Dersom me ikkje følger reglane i friminuttet, kan læraren ringe heim, eller eleven må gå med vakta resten av friminutta. Av og til blir ein då sett til andre oppgåver. For andre sanksjonar, sjå overordna ordensreglement for grunnskulen i Time kommune, kapittel om sanksjonar.
21. Mobilbruk/smarte klokker: Om eleven har framme mobilen eller bruker mobilen på skulen, blir han inndradd for resten av skuledagen. Eleven kan henta han ut når skuledagen/SFO-dagen er over.
22. Om eleven brukar mobildelen av klokka, blir ho inndradd for resten av skuledagen. Eleven kan henta ho ut når skuledagen/SFO-dagen er over.
23. Ved gjentatt brot på regel, blir mobilen/mobilklokka inndradd, og foreldra må koma og henta denne.

Ansvar:

24. Hognestad skule har, jfr overordna ordensreglar for grunnskulen i Time kommune, ikkje erstatningsansvar for mobilar/smarte klokker som ligg i sekken til eleven.

